

Kvinnherad kommune

**Kommunedelplan for klima og energi
KLEKK 2020**



**Forslag til
PLANPROGRAM**

INNHALD

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEID OG PROSESS	3
2. RAMMER OG FØRESETNADER	4
3. FORMÅL MED PLANARBEID OG PLAN	5
4. MEDVERKNAD OG INFORMASJON	6
5. ORGANISERING OG FRAMDRIFTSPLAN	6

KONTAKTINFORMASJON

Kvinnherad kommune
Samfunnsutvikling
5470 Rosendal
www.kvinnherad.kommune.no

Planansvar og -leiing:
Verksemdsleiar
Tormod Fossheim 53483266

Prosjektleiar
Arne Gjellan 53483129 - 91730064
arne.gjellan@kvinnherad.kommune.no

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEID OG PROSESS

Global oppvarming som følgje av menneskeskapte klimagassutslipp er ei av dei største miljøutfordringane verda står ovanfor. Store klimagassutslipp har resultert i ei dramatisk endring av konsentrasjon av klimagassar i atmosfæra. Dette har ført til auka global temperatur og denne auken er venta å stige monaleg med mindre det vert sett i verk tiltak. FN sitt klima-panel IPCC hevdar det er overvegande sannsynleg at det er menneska sin stadig aukande energibruk gjennom forbrenning av fossile brensler (olje, gass og kol) som er hovudårsaka til temperaturauken. Det er det store forbruket i dei industrialiserte landa som har dei største behova for energi medan det er u-landa som vert hardest råka av temperaturauke og dei fysiske konsekvensane av klimaendringar. Verknadene av endra klima vil også råke Noreg, og Vestlandet og Kvinnherad vil ikkje gå klar av desse. Vi må bu oss m.a. på meir ekstremt vær, endra og stigande nedbør, og på sikt auka havnivå.

Dersom ein internasjonalt skal dempa og endeleg stogga veksten i temperaturauke, må det iverksetjast globale, nasjonale og lokale tiltak. Energi- og klimaplanen for Kvinnherad skal synleggjere korleis den globale dugnaden tar tak i utfordringane på lokalt nivå.

Innbyggjarane og organisasjonane i Kvinnherad skal ta sin del av ansvaret, i tillegg til kommunen som eigar og drivar av bygg, anlegg og eigen bilpark. Difor ynskjer kommunen å utarbeida ein kommunedelplan for klima og energi som definerer mål og milepælar, strategiar og tiltak, - som er tufta på globale og nasjonale føresetnader. Planen vil gje ei oversikt over utfordringane og vil synleggjere korleis kommunen kan bidra til langsiktige og klimavennlege løysingar gjennom å ta i bruk teknologiske nyvinningar, mobilisere og tilrettelegge for ny verdiskaping og optimisme.

Det fyrste steget i denne planprosessen er utarbeidinga av **eit planprogram** jmf. plan- og bygningslova § 11-13. For å sikre intern medverknad og eigarskap til planen vert arbeidet og utført i samsvar med utprøvd ProsjektLeiingsProsess, PLP-metodikk, - som og sikrar kvalitet, involvering og framdrift.

Planprogrammet synleggjer fokusområde og korleis arbeidsopplegget rundt planprosessen vert handsama, og kva planen skal innehalde og vektlegge som forslag til godkjenning av mål og tiltak overfor politiske organ. Dette planprogrammet skal først og fremst avklåre hovuddrammene i planarbeidet, samstundes som kommunen ved dette tidleg ønskjer å orienterte om den føreståande breie og opne planprosessen.

Planprogrammet skal avklåre;

- ❖ Formålet med planarbeidet
- ❖ Planprosessen med fristar og deltakarar
- ❖ Opplagg for medverknad

Planprogrammet skal leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova.

Kommunen skal innarbeidde eventuelle merknadar og **vedta endeleg planprogram**.

Forslag til klima- og energiplan for Kvinnherad kommune vert tufta på dette planprogrammet. Planen vert utarbeidd som ei tematisk kommunedelplan i samsvar med plan-/bygningslova.

Kvinnherad kommune har ei løpande rullering av kommuneplanen, og det er ønskjeleg å sjå heile kommunen som ei eining, både arealdelen og samfunnsdelen. Arbeidet med klima- og energiplanen vert søkt samordna med kommuneplanrulleringa i tid, - og såleis vil hovudpunkt i denne delplanen verta innarbeidd i kommuneplanen. Planen vil kunne legge føringar for andre sektorar, t.d. avfallsbehandling, ROS- og beredskapsanalyser og planer, og for revidering av landbruksplan m.v.

2. RAMMER OG FØRESETNADAR


Det ligg føre ei lang rekke med statlege og regionale plandokument og retningsliner som vil vera grunnlag for det kommunalt planarbeid. Dette er mellom anna:

❖ Statleg planretningsline for klima- og energiplanleggjing

Planretningslina er heimla i plan- og bygningslova. Kommunane skal vere eit førebilete for klimagassreduksjonar og gjennom omlegging av energibruken frå fossile til fornybare energibærarar. Kommunane er tiltenkt mange roller i dette arbeidet, og dei vert oppmoda til å setje seg ambisiøse mål innan energibruk, energiomlegging og klimagassreduksjonar. Kommunane må samstundes syte for tydeleg samordning med andre overordna plandokument og prosessar som kommuneplan, handlingsprogram og økonomiplan, - og årlege budsjett.

❖ St.meld. nr. 34 – Norsk klimapolitikk inklusiv skjerpa klimaforlik

Planen skal tuftast på nasjonale oppdaterte energi- og klimamål. Figuren under syner den nasjonale målsettinga i klimapolitikken.



Klimameldinga legg opp til at Noreg skal overoppfylle måla frå Kyoto-protokollen. Dette er seinare skjerpa (Soria Moria II). Noreg har forplikta seg til å redusere dei samla nasjonale klimagassutsleppa med 40% innan 2020 i forhold til utsleppet i 1990. I 2012 skal utsleppa i Noreg ikkje overstige 1% av 1990-utsleppet. I 2007 ligg Noreg heile 11% over dette nivået.

❖ Klimaplan for Hordaland 2010 – 2020

Fylkesplanen legg opp til at hordalendingar skal ha eit "klimafotavtrykk" som er av-grensa til 2 tonn/innbyggjar. Dette er eit mål som seier noko om både direkte og indirekte klimagassutslepp. Aktiviteten til hordalendingen fører til store klimagass-utslepp i andre

land og dei indirekte utsleppa er fem gongar større enn dei direkte målbare utsleppa. Fylkesplanen legg opp til mange delmål med strategiar og tiltak for å redusere klimagassutslipp og energibruk. Planen legg opp til ambisiøse mål for å auka omlegging til fornybare energikjelder og energifleksible og –effektive løysingar.

❖ **Enova – stønadsordning for kommunal energi- og klimaplanlegging**

Krav frå Enova, i ”veileder 2”, og i samband med tilskotsbrev om inntil kr 100 000, vil leggje føringar for innhaldet og profilen i det endelege plandokumentet. Planen skal skildre prioriterte og tidsfesta tiltak, og vise/tilrettelegge for at dei ansvarlege kan få tiltaka utførte.

3. FORMÅL MED PLANARBEID OG PLAN

Føremålet med planen er å syte for lokale mål, strategiar og tiltak som i sum vil redusere lokale klimagassutslipp, redusere og effektivisere lokal energibruk og peike på aktuelle omleggingar til fornybare kjelder. Planen vil og vurdere aktuell kartlegging av risiko og behov for klimatilpassning. Planarbeidet tek mål av seg å konkretisere og vurdere forhold som er relevante for lokal energibruk og lokalt klimagassutslipp. Kvinnherad kommune har mange aktørar med ulike roller og med ulike verkemiddel i klimaarbeidet. Kommunen er **planstyresmakt** og kan fatte einskildvedtak innafor fleire saksområde. Som **innkjøpar og tenesteprodusent** kan kommunen vere eit førebilete i høve klimakrav til leverandørar og eksterne aktørar. Vidare er kommunen ein **kunnskapsformidlar** som kan setje dagsorden på haldningsskapande og førebyggjande verksemd. Kvinnherad er ein middels stor kommune i vestlandsmålestokk, med stort naturmangfald frå fjord til fjell, foss og fonn, og skog- og jordressursar som grunnlag for gode vilkår for landbruk. Det vert avgjerande at ein i planarbeidet klarar å mobilisere einskildmenneska i Kvinnheradsamfunnet til å verte bevisste lokale forbrukarar som tek berekraftige val i dagleglivet. Dette gjeld også offentlege og private verksemdar.

Formålet med klima- og energiplanen er soleis:

- ✚ Vise korleis klimagassutsleppa i Kvinnherad kan reduserast
- ✚ Vise korleis energibruken kan reduserast, - og få til energifleksible og -effektive løysingar, - ved konvertering, sparing og endra driftsrutinar
- ✚ Vise tiltak som kan påverke forbruk og mengde avfall
- ✚ Vise moglege konsekvensar for Kvinnherad som følgje av klimaendring og korleis samfunnet kan førebu seg og tilpassa seg klimaendringar som uvilkårleg vil kome fordi vi allereie i fleire tiår har sleppt ut store mengder klimagassar, t.d. CO₂, metan, lystgass, vassdamp og klograss.

Plandokumentet vil få ei slik grov oppbygging ;

- ✚ Fakta og status: Energibruk og sektorvist forbruksmønster, kartlegging av energiressursar, energibehov (mobilt/stasjonært), og omlegging
- ✚ Klimasituasjonen og klimagassutslipp i Kvinnherad sett i eit historisk bilete, og som framskriving og scenarier, bygd på off. statistikk og FoU
- ✚ Avfall og forbruk: - statistikk og trendar, - og behov for omleggingar
- ✚ Klimatilpassningar: ut frå kartlagt risiko og utvikling. Omsynssone i plan
- ✚ Utarbeiding av mål, strategi og tiltak: Framlegg til løysingar, med døme på gjennomføring av tiltak. Visjon og langsiktige mål kan omtalast her.

4. MEDVERKNAD OG INFORMASJON

Kvinnherad kommune ønskjer medverknad og innspel i planprosessen. Innbyggjarar, verksemdar (serleg dei med utslepp), lag og organisasjonar vert oppmoda til å kome med innspel og merknadar i samband med planprosessen. Det vert lagt opp til 2 rundar med innspel ; ein gong i samband med utlegging av planprogrammet og ein gong i samband med at planforslag vert lagt ut til off. ettersyn og høyring. Under arbeidet vert det vurdert behov for eigne folkemøte eller om dette skal samordnast generelt med folkemøta i som vert haldne i samband med kommuneplanarbeidet. Plandokumentet vert utarbeidd av innleigd konsulent (Norconsult). Kommunen vil nytte heimesida til Kvinnherad kommune for å informera om planarbeidet, jmf. www.kvinnherad.kommune.no. Kunngjeringar og andre relevante dokument blir lagte ut her.

Kvinnherad kommune tek imot innspel gjennom heile planprosessen, anten gjennom e-post eller telefon som oppgitt fremst i planprogrammet, ved formelle høyringar, personlege besøk på kommunehuset, eller i andre møte, for å drøfte aktuelle tema og problemstillingar.

Planen skal munne ut i vedtak i Kvinnherad kommunestyre, truleg i første halvår 2011, etter at alle innkomne merknadar er vurderte. Vedtaket vert kunngjort i lokalavisa og på kommunen sine heimesider. Kommunen vil og vurdere å utgi ein brosjyre med hovudpunkta i planen og kommunestyrevedtaket. Planprogrammet og planen vert og sendt regionale styresmakter til uttale som del av førebuingane til vedtak, i tillegg til lokal og intern høyring.

5. ORGANISERING OG FRAMDRIFTSPLAN

Planarbeidet er samordna med rulleringa av Kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel. For å sikre ei tett politisk samordning av desse plandokumenta, vil formannskapet som felles styringsgruppe i kommuneplanrulleringa, og fungere som styringsgruppe for planarbeidet. Verksemdsleiar Tormod Fossheim vert prosjektansvarleg, Arne Gjellan vert prosjektleiar, medan Norconsult vert prosjekt- og plankonsulent for planarbeidet.

Det vert lagt opp til slik grov framdriftsplan, jmf. at Prosjektgruppa vil ha fleire sektor-/tema-møte, med ulik deltaking, jmf. at gruppa er samansett av: 2 politikarar, og ein representant frå flg. instansar: kommunale kraftlag, SIM, Tekniske tenester, i tillegg til konsulent og prosjektleiar.

Framdrifts- og milepælsplan	Fristar, - haust 2010 / vinter-vår 2011
Vedtak om oppstart og organisering/mandat av plan	3. juni 2010
Tilsegn om tilskot frå ENOVA motteke	2. august 2010
Utlegging av Planprogram til off. ettersyn/høyring	24. august 2010
Behandling av Planprogram i formannskapet	7. oktober 2010
Utlegging av planforslag til off. ettersyn/høyring	Formannskapsmøte 04.11.2010
Folkemøte om planforslaget	januar 2011
Vedtak av Klima- og energiplan 2020 med tiltak	Kommunestyremøte mars 2011